



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellestråd

Alver kommune v/ økonomisjef

Knarvik, 13. september 2019

Alver kyrkjelege fellesnemnd - Søknad om driftstilskot frå Alver kommune for budsjettåret 2020

Søknad om driftstilskot er vedtatt av Alver kyrkjelege fellesnemnd. Framlegget til budsjett byggjer i hovudsak på ein forsiktig framskriving av budsjetta for dei tre fellestråda for 2019.

Alver kyrkjelege fellesnemnd søker Alver kommune om eit driftstilskot for 2020 på kr 23.0 millionar i tillegg til eit tilskot til lån på kr 2,8 millionar.

Alle tal i heil tusen kroner:

Lønskapitlet	-21 445
Varer og tenester	-6 592
Finansutgifter	-3 270
Sum kostnader	-31 307
<hr/>	
Eigne inntekter	5 562
Tilskot lån	2 745
Driftstilskot	23 000
Sum inntekter	31 307

Heimel for Alver kommune sine forpliktingar overfor Alver kyrkjelege fellestråd

Heimelen finn ein i Kyrkjelova (KL) §15, som slår fast:

«Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellestråd:

1. Utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker,
2. utgifter til anlegg og drift av gravplasser,
3. utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder av fellestrådet

4. driftsutgifter til kirkelig fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold,
5. utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring,
6. utgifter til kontorhold for prester

Fellesrådets budsjettforslag skal også omfatte utgifter til kirkelig undervisning, diakoni, kirkemusikk og andre tiltak i soknene.

Utgiftsdekningen kan gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstjenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tjenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelige ansatte er tilfredstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp. (...)»

Lønsbudsjettet

Alver kyrkjelege fellesråd, som består av tidlegare Lindås, Radøy og Meland fellesråd har i budsjettoppsettet for 2020 ein samla stab på 30,6 årsverk. Dette er i hovudsak dei som pr. dato er fast tilsette i dei tre fellesråda, med eit tillegg på følgjande stillingar, som har vore diskuterte med programansvarleg undervegs i prosessen:

- To fagarbeidarar (200%) på gravplass i Meland, som i dag er finansiert ved tenesteyting i eigen avtale mellom Meland kommune og Meland sokneråd/fellesråd (for den eine som har bedt om at arbeidsforholdet i kommunen held frem, må kommunen be om lønnsrefusjon frå kyrkja)
- Ei ny stilling som kyrkjeverje i Alver (100%), oppretta i 2019.

Samla kostnad til løn, vikarkostnader og ekstrahjelp, feriepengar, persontrygdingar, pensjonstrekk og arbeidsgjevaravgift i kyrkjeleg fellesnemnd sitt budsjettframlegg for 2020 er på 21,5 millionar kroner.

Administrasjon

Alver kyrkjelege fellesråd vil ha fem sokn; Knarvik, Meland, Radøy, Lindås og Osterfjorden, rangert etter storleik. Kyrkjeleg fellesråd vil halde fram med dei lokala ein har hatt til bruk for administrasjonen og kyrkjelydane sitt arbeide også tidlegare. Dei i alt seks kontora og tilpassa rom i kyrkjer og andre bygg, vil gje kontorplass for dei tilsette som treng det, i tillegg til garasje og opphaldsrom til dei som arbeider på gravplassane. Kyrkjeleg fellesråd eig to av lokala nytta til kontorbruk; dei andre fire vert leigde. Årleg kostnad her er på rundt 1 million kroner.

Kyrkjeleg fellesnemnd har i dei åra som har gått gjort vesentlege investeringar og utbetringar innanfor IKT, med ny og felles plattform og nye og forbetra kontorstøtte- og fagsystem. Årleg driftseffekt av dette aleine vil vere ca kr 800.000 fordelt på lisensar og dataliner.

Alver kyrkjelege fellesråd har totalt 14 kyrkjebygg som vert nytta til ca 400 årlege gudstenester etter biskopen si forordning, og andre kyrkjelege handlingar. Kyrkjeleg fellesråd vil ha ansvar for 25 gravplasser, av desse 21 i vanleg bruk.

Gravplassdrifta

Dette avsnittet innanfor kyrkjeleg fellesråd sine aktivitetar står i ei særstilling, ettersom dette er oppgåver som kyrkjeleg fellesråd utfører på vegne av kommunen, jfr Gravferdslova §3. Årleg vert det gjennomført mellom 175 – 190 jordpåkastingar i Alver (3 – 4 bisettingar, urnenedsettingar og gravferder i veka), målt over dei siste 5 åra.

Grunna det store talet på gravplassar i Alver er dette eit vesentleg avsnitt. Kyrkjeleg fellesråd har 8,4 årsverk tilsett til dette føremålet, inklusive sesongarbeidarar og administrasjon av området. Berre i Lindås utgjer gravplassane rundt 70 – 80 da, og alt dette skal haldast og driftast i så vel sommar- som vintersesongen. Tenesteområdet krev også mykje utstyr, som vert utsett for stor slitasje i bruk.

Samla driftskostnadar for tenesteområde gravplass er i budsjettet på 6 mill. kr. Samstundes er det slik at eigne inntekter frå dette området er på ca 2 mill. kr.

Forvaltning, drift og vedlikehald– bygningar og utstyr

Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) er store postar i eit fellesråd med så mange bygg og gravplassar. Berre postane reinhaldsmateriell, straum/energi og trygding/forsikring utgjer i overkant av 1.5 mill. kr årleg.

Kyrkjene har også minst to instrument (orgel og piano) som treng tilsyn, og installasjonar for t.d. alarmer og varmestyring krev serviceavtalar. Mindre vedlikehald på bygningar blir forsøkt utført innanfor budsjett.

Totale FDV –kostnadar er budsjetterte med kr 2.2 mill.

SØKNAD OM TILSKOT TIL INVESTERINGAR

Kyrkjeleg fellesråd i Alver vil forutan 6 kontorarbeidsplassar få ansvar for ma. 14 kyrkjer og 25 gravplassar.

De fleste av bygga er gamle og har svært høg bevaringsverdi både som kulturhistoriske bygg, som gudshus og som lokale og regionale samlingslokale og konsertlokale. Det er krevjande å halda oppe eit tilstrekkeleg og nødvendig vedlikehald. Her, som elles, er det best å oppgradera og kunna gjera vedlikehald løpande, og ikkje måtte venta til behova blir store.

Ein viser til Kyrkjelova § 15 for heimel for å søkje kommunen om investeringstilskot.

- Vi minner om vedtak i Meland kommune om kroner 5 millionar til kyrkjetomt. Desse pengane må bli førte vidare, helst overførte til kyrkja
- Vi minner også om kapasitetsauke på ny gravplass på Lindås, at prosjekt som er igangsatt beheld tilsagnet på kr 14,75 millionar.
- I samband med overtaking av drifta på gravplassen på Meland, må kyrkja få erstatte belte-gravar til om lag kr 350.000.
- Vi minner om utviding av kapasiteten på gravplassen på Meland, denne rekner vi med er i kommunens eige budsjett.

For å kunne gjennomføra løpande vedlikehald søker vi om kroner 2 millionar som eit fast årleg beløp til å dekkje normale investerings- og utskiftingsbehov. Større søknader kan komma i tillegg.

Kyrkja veit ikkje kor stort beløp kommunen vil gje som fast ramme. Det er óg litt uklart om dagens 3 kommunar løyser nokon av desse oppgåvene i 2019.

Vi må derfor nå i tillegg søke om tilskot til fleire konkrete prosjekt, små og store, som er viktige for kyrkjene. Desse fylgjer her i ei uprioritert liste.


Kyrkja kan om naudsynt gje ei nærare prioritering med konkret informasjon seinare.

Alle tal eks. mva.

Prosjekt	Type prosjekt	Prosjektsum
Manger kyrkje	Påbegynt. Universell utforming	980.300
Namna minnelund	Ferdigstilling av påbegynt anlegg	400.000
Lindås kyrkje	Nye tak på sakristia, ny skifer	1.250.000
Meland kyrkje	Oppstart prosjekt Ny kyrkje på Frekhaug	200.000
Meland kyrkje	Oppussing av tilbygget til Meland kyrkje	2.100.000
Meland kyrkje	Ny løpar og benkeputer i kyrkja	170.000


Dersom kommunen ønsker eit møte om søknaden, så stiller vi sjølvsagt opp.

Med venleg helsing
For Alver kyrkjelege fellesnemnd



Grethe Lunde

Leier fellesnemnda



John Fredrik Wallace
Kyrkjeverje for Alver

